



Øystre Slidre kommune



2.tertial rapport 2022

https://pub.framsikt.net/2022/oystre-slidre/mr-202208-2tertial_rapport_2022_-_oystre_slidre_kommune/

Framlagt av rådmannen 20.oktober 2022

10 på topp

Økonomiplanen utgjør handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. Dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden er følgjande:

- Vi skal styrke helse- og omsorgstenestene ved å vera ein attraktiv arbeidsplass, med eit godt arbeidsmiljø, auka arbeidsnærvær og store nok stillingsprosentar og vi skal utnytte moglegheitene nytt helsetun gir.

Vi har sett saman ei ressursgruppe som skal arbeide med dette punktet. Leiarar, tillitsvalde og verneombod innanfor førebygging og meistring, institusjonstenester og Brennabakkin og kommunalsjef og personalsjef deltek i gruppa. Arbeidsgruppa har hatt eitt møte og sett på korleis vi skal organisere oss for å jobbe best mogeleg med punktet ut i frå mandatet gruppa har fått.

Vidare er det sett opp ein systematisk møtестruktur mellom leiarar og tillitsvalde som skal sikre god samhandling og at tenestevog vert nytta. Målet er at dette vil betre kommunikasjonen innad i tenestene. Informasjons- og drøftingsmøta med tillitsvalgde er godt i gang, og temaet er ofte oppe i møta.

- Vi skal vedta ny oppvekstplan, og gjennom planarbeidet styrka det tverrfaglege arbeidet retta mot sårbare barn og deira familiar.

Oppvekstplanen med ein handlingsdel er ute på høyring med høyringsfrist 7.10. Planen tek for seg dagens situasjon, kva vi ynskjer å oppnå for å gje barn og unge ein god oppvekst i Øystre Slidre og kva tiltak vi treng for å oppnå det. For å få kjennskap til dagens situasjon har vi nytta undersøkingar, kartleggingar og hatt brukarundersøking ute både hjå barn/ungdom og hjå foreldre. Planen ivaretek lovkravet om ein plan for forebyggjande arbeid §3-1 barnevernlova.

I Valdres samarbeidar kommunane og Høgskulen Innlandet om Oppvekstløftet, for m.a. å følgje opp barnevernsreforma. Regionalt er det ei satsing på Innstasteama og lokalt arbeider vi i tillegg med samhandlingsstrukturar på tvers av tenestene. Tenesteleiarar og avdelingsleiarar som arbeider med barn og unge i kommunen er med i dette arbeidet.

- Vi skal busette inntil 20 flyktningar i 2022 og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med introprogrammet.

Målet har endra seg frå 20 til 65 flyktningar på grunn av flyktningkrisa. Pr 20.09 har vi busett 38 personar. Vi ventar å busette fleire utover hausten. Vi har til no mykje nytta bustadene i Moavegen, men vi må klargjera fleire bustader. Skal vi busette 65 flyktningar treng vi fleire bueiningar enn det vi har tilgang på no. Grunn for dette er familiesamasetninga og tal einslige.

Alle busette vaksne er i gang med introduksjonsprogrammet. Tre flyktningar er i språkpraksis på Helsetunet og barna er i barnehage eller på skule.

- Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen med bakgrunn i arealstrategien i kommuneplanen med sikte på vedtak av planen våren 2023.

Arbeidet med ny arealdel av kommuneplan er kome godt i gang. Vi har motteke over 100 innspel til planen, og dei har fått ei førebels administrativ vurdering. Vi har laga fem drøftingsnotat til formannskapet; eit om bustadareal, eit om næringsareal, eit om fritidsbustader, eit om

2. tertial rapport 2022 – Øystre Slidre kommune

sentrumsutvikling og eit om renovasjon. Formannskapet har drøfta handsama desse notata og gjev nye arbeidsoppdrag til administrasjonen. Notata er også drøfta i kommunestyret. Vi arbeider no med nytt plankart og nye planføresegner for heile kommunen, med planomtale, konsekvensutgreiing og ROS-analyse for planen. I tillegg førebur vi saker for formannskapet for handsaming av alle innkome høyringsinnspel. Det vil vera fleire saker, slik at saker der einkilde formannschaftsmedlemmer er inhabile vil bli fremma som eigne saker, medan dei andre innspela vil bli handsama i ei felles sak, der formannskapet til stilling til om forslaget skal leggest inn i planen eller ikkje. Arbeidet er svært omfattande. Grunna endringar i administrativ kapasitet knytt til planarbeidet, vil vi vurdere tidslinene for arbeidet og korleis vi skal sikre tilstrekkeleg kapasitet for det vidare arbeidet.

- Vi skal bygge ut veg, vatn og avløpsanlegg for Heranglie bustadfelt og avklare modellar for samarbeid med næringslivet om utbygging av leilegheitsområda på feltet slik at fleire kan kome inn på bustadmarknaden

Anlegg for veg, vatn og avløp er ferdig prosjektert, lagd ut på i marknaden og det er inngått kontrakt med entreprenør. Kontraktssummen er på kr. 29,6 mill., og samla kostnadsestimat for utbygginga er kr 36,9 mill. Arbeidet er starta opp både frå Tingvangsida og frå Robølsvegen. Høgspenkabelen på Tingvang vil bli lagt om som en del av prosjektet. Arbeidet skal etter planen vera ferdig til oktober 2023. Vi har invitert næringslivet for samarbeidsløysingar for utbygging av leilegheitsområda. Dette er eit arbeid vi vil konkretisere i løpet av hausten. Vi vil fremma sak til kommunestyret om sal av einebustadtomtene, med sikte på at dette salet vil starte opp før jul.

- Vi skal i lag med nasjonale styresmakter og andre samarbeidspartar etablere senter for fjell-landbruk på Løken gard.

Kommunen deltek i styringsgruppa for etablering av senter for fjell-landbruk. Styringsgruppa har levert sine tilrådingar til kommunen og til Landbruks- og matdepartementet, Stortingskomiteen m.fl. Styringsgruppa har i innspel til statsbudsjettet bedt om ei årleg løyving til senteret på 4 mill., noko regjeringa har fremma forslag om i Stasbudsjettet. Det er dialog mellom Landbruk- og matdepartementet om framtida for Løken gard. Rådmannen viser til k-sak 49/22.

- Vi skal gjennom prosjektet Klima+ legge til rette utbygging av fritidsbustader som i utbygging og drift har positiv klima-verknad og effektiv arealbruk.

Grunn redusert bemanning har det våren -22 våre avgrensa aktivitet i prosjektet. Frå august har prosjektet normal bemanning. Vi prioriterer arbeidet med å få Klima+perspektivet inn i arealdelen av kommuneplanen, med redusert arealforbruk og ramer for utbygging av fritidsbustader som gjev lågare utslepp av klimagassar. Det er nyleg inngått intensjonsavtale med Ryfoss Betong som no vil tilby lågkarbonbetong. Betong er ein av dei store utsleppskjedene av klimagassar frå byggebransjen, og Ryfoss Betong vil vurdere utvikling av anlegget sitt for å redusere klimagassutsleppa frå betong. Vidare er det inngått intensjonsavtale med utbyggerar av Skjenhaugslie-området på Beitostølen med føremål å planlegge og bygge ut dette området på ein klimavenleg måte. Vi har vidare delteke i planlegginga av bylivskonferansen på Beitostølen som går av staben 24. og 25. oktober. Temaet for konferansen er fjellområda og fritidsutbygging. I tillegg har vi delteke i KS si ressursgruppa om korleis vi kan møte natur- og klimakrisa innanfor ramma av lokaldemokratiet og i fylkeskommunen si satsing på klimavenleg stadutvikling i hyttekommunar.

- Vi skal invitere til Rein naturglede og innan 2035 doble tal gjestedøgn i kommunen gjennom å:
 - vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå
 - sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper mv. gjennom å etablere og følgje opp selskapet Beitostølen Fellesgoder as.

2. tertial rapport 2022 – Øystre Slidre kommune

Vi deltek i forskingsprogrammet Accesstour i lag med Beitostølen helsesportsenter, Beitostølen Utvikling SA, Beito Husky, Myhre Gard og Trollrock. Føremålet er å auka kunnskapen om og strategiar for betre tilrettelegging av reisemåla for alle, uavhengig av funksjons-nivå. 2. samlinga i programmet var i Lofoten i september, der vi m.a. fekk sett korleis reiselivsverksemder tilpassar reisemålet for alle. Det er gjennomført ei spørreundersøking blant personar med nedsett funksjonsnivå for å kartlegge deira preferansar for reisemål. Resultata frå undersøkinga vil bli presentert som del av rapporteringa frå forskingsprogrammet. Utvikling av friområdet på Furustrand og etablering av trillesti til Rjupetjern er konkrete tiltak for betre tilgjenge for alle til nye reisemål. Vidare deltek vi i eit samarbeid med VNK om kartlegging av tilretteleggingsnivået for bygningar, reisemål og friluftsområde i kommunen, og vil legge resultatet av denne kartlegginga inn i Norgeskartet til Statens kartverk. Vi vil ved revisjon av KPA lage føresegner som bidreg til betre tilgjenge for alle.

Beitostølen Fellesgoder as er etablert og vi har i samråd med selskapet drøfta problemstillingar som skal sikre god utnytting av tilgjengelege midlar til fellesgode. Kommunale planar som sti- og løypeplan, beitebruksplan og KPA vil setje viktige rammer for selskapet sin aktivitet.

- Vi skal innan sommaren 2024 i samarbeid med andre etablere Fly'a folkehøgskole – ein folkehøgskule for alle - på Heggenes, med idrett, paraidrett og Esport som hovudlinjer.

Vi har gitt melding til Kunnskaps-departementet og Utdanningsdirektoratet at kommunen i 2022 vil prioritere å nytte lokala tiltenkt Fly'a folkehøgskole til busetting av flyktingar og flyktningsmottak og at kommunen ikkje i 2022 vil søkje om støtte til etablering av folkehøgskulen. Vi vil kome tilbake med søknad om Fly'a folkehøgskole når vi kjenner omfanget av og tids-lengda til flyktningskrisa og etter at NOUen om folkehøgskular er lagd fram. Denne skal etter planen kome før jul 2022.

- Vi skal i lag med idrettslaget og reiselivsnæringa utvikle Beitostølen stadion med sikte på å auke bruken av området gjennom heile året.

Vi har prosjektert utbygging av veg og gangveg frå rv 51 til stadion, og å legge betre til rette for auka bruk av området. Denne utbygging vil etter planen bli gjennomført i 2023. Vi vil følgje opp dei planane som er laga for utvida bruk av stadion i lag med idrettslaget og stadionselskapet. Stadionselskapet har vidare teke eit initiativ for å drøfte eigarskapsstrukturen for selskapa knytt til Beitostølen stadion. Dette vil ev. for kommunen sin del bli følgt opp i eigarskapsmeldinga. Grunna høge straumprisar og dieselkostnader er finansieringa av fellesgodene ved stadionen meir krevjande enn tidlegare.

Utviklingsområda vil bli prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmiddel i planperioden. Kommunestyret vil bli orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda i tertialrapportane.

Økonomirapportering drift

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Budsjett hiå.	Regnskap hiå.	Avvik hiå.	Budsjett 2022	Årsprognose	Prognose årsavvik	
Sum generelle driftsinntekter	-169 037	-159 414	-9 623	-253 555	-263 305	9 750	✓
Avskrivninger	15 200	0	15 200	22 800	22 800	0	✓
Motpost avskrivninger	-15 200	0	-15 200	-22 800	-22 800	0	✓
Netto finansutgifter	15 114	13 936	1 178	22 671	22 671	0	✓
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	1 572	0	1 572	2 358	2 358	0	✓
Til disposisjon	-152 351	-145 478	-6 872	-228 526	-238 276	9 750	✓
Politisk leing og kontrollorgan	1 855	1 652	202	2 883	2 883	0	✓
Rådmannen felles	2 413	2 036	377	3 706	4 006	-300	!
Stab	11 067	11 515	-448	17 124	17 124	0	✓
Felles opplæring og kultur	5 200	4 281	919	7 831	7 831	0	✓
ØSUS	7 820	6 740	1 080	12 421	12 421	0	✓
Rogne skule	8 739	9 056	-318	13 910	13 910	0	✓
Lidar skule	7 909	7 862	47	12 711	12 711	0	✓
Rogne barnehage	6 076	6 442	-366	9 805	9 805	0	✓
Beito barnehage	3 343	3 373	-30	5 369	5 369	0	✓
Private barnehager	3 364	3 945	-581	5 046	5 046	0	✓
Kulturavdelinga	5 784	5 657	127	8 947	8 947	0	✓
Flyktningetenesta	-196	887	-1 083	-130	-130	0	✓
Felles helse og omsorg	14 101	12 768	1 333	21 398	23 898	-2 500	!
Helse og tilrettelagde tenester	16 203	17 252	-1 049	25 481	27 281	-1 800	!
Førebygging og meistring	19 777	19 856	-79	31 082	31 082	0	✓
Institusjonstenester	20 236	20 873	-636	31 455	31 455	0	✓
IIB Tilrettelagte tenester	-46	158	-204	2	2	0	✓
Felles tekniske tenester	340	31	309	510	510	0	✓
Teknisk drift	12 850	11 659	1 191	20 521	27 521	-7 000	!
Næring plan og byggesak	6 367	7 176	-808	10 019	10 019	0	✓
Kraftforvaltning	-5 634	-12 443	6 809	-8 451	-10 801	2 350	✓
Interne finanstransaksjoner	-121	-9 776	9 655	-3 116	-2 616	-500	!
Sum disponering	147 448	131 001	16 447	228 526	238 276	-9 750	✓
Merforbruk +/-mindreforbruk -	-4 903	-14 477	9 575	0	0	0	✓

2. tertial rapport 2022 – Øystre Slidre kommune

Regnskapet per august viser samla eit meirforbruk på ca. 5,6 mill.kr. Regnskapet er ikkje periodisert, så dette er ikkje eit representativt bilde av korleis året vil gå - dei fleste avvika er periodiseringsforskjellar mellom budsjett og rekneskap, m.a. er det budsjettert med ein rekke bruk og avsetning til fond som ikkje blir ført før ved årets slutt.

Økonomien til kommunen er på dei fleste områda i tråd med budsjettet for året.

Vi ser enkelte område som gjev økonomiske utfordringar, og nokon auka inntekter. Dei store kjente avvika er vist som avvik i prognose i forhold til vedteken budsjetttramme. Erfaringsmessig kan det også kunne bli nokon innsparingar og meirinntekter som ein ikkje ser før året er omme. Spesielt er det vanskeleg å ha tilstrekkeleg oversikt over bruk av fond gjennom året. Vi har foreløpig tru på at årsresultatet kan ende omtrent på budsjett. Vi har vald å rapportere ei prognose som samla sett går i 0, ved auke driftsinntektene tilsvarande dei budsjettavvika vi har samla på områda.

Felles finans og finansiering:

- **Skatteinntektene** er forventa å bli høgare enn budsjettert. Siste KS-prognosemodell viser 6,9 mill.høgare inntekt for 2022 enn prognosen ved budsjettet 2022.
- **Rente:** Rentesaften er heva fleire gonger i 2022. Det vil auka både renteutgifter, inkl. for sjølvkostområda, og renteinntekter. Det er ikkje grunnlag for å endre nettoprognosen for generaløkonomien.
 - Vi ventar no ein rentekostnad for året på ca. 11,3 mill., som er 2,2 mill. høgare enn budsjettert. Av dette skal ein god del bli finansiert av sjølvkost vatn og avløp, estimert til 2 mill..
 - Vi ventar også auka renteinntekt for året, om lag 2 mill.
- 5,222 mill. bør avsetjast til ubunde eigedomskattefond, ved bruk av ordinært disposisjonsfond. I økonomiplanen for 2022 vart det gjort avsetning til dette fondet med fast beløp hhv. 10 mill i 2022 og 2023, og 11 mill. i 2024 og 2025, dvs. eit snitt i planperioden på 10,5 mill. Bruken i planperioden vart budsjettert i snitt same beløp. Det vart lagt inn bruk av fondet med 15,222 mill. i bruk i 2022 (og 8,362, 9,362 og 9,162 mill. dei følgjande åra). Vi får følgeleg negativt fond per 31.12.2022. Vi ser det som tenleg å rette opp i den feilen som vart gjort ved 2022-budsjettet, og auke avsetninga tilsvarande bruken av midla. Vi foreslår å finansiere ved bruk av ordinært disposisjonsfond.

Rådmann – felles:

Alt i alt ser området ut til å vera i tråd med budsjett.

Unntak er:

- 2,35 mill. betre netto kraftinntekter enn budsjettert. Prognose per september er ei netto inntekt frå kraftsal på 10,8 mill. som er om lag 2,35 mill. betre enn dei 8,45 mill. budsjettert. Då har vi lagt til grunn gjennomsnittleg spotpris for året på 2 kr, som er snittet for jan-sept. Estimater er usikkert. Det spelar også inn at avrekninga av ei refusjonsinntekt overfor Hafslund gav oss 1,3 mill. mindre enn det som har vore vanleg siste åra.
- 0,5 mill. ekstra pensjonskostnader frå KLP for kommunen, i hovudsak grunna svært høg reguleringspremie.
- 0,3 mill. høgare lønsvæksten i kommunesektoren, noko som er ca.0,74% høgare enn vi la til grunn i budsjettet for 2022.

Vi vil også kommentere:

- Vi har i økonomiplanen for 2022 lagt til grunn ei prisstiging på 2,5% (kommunal deflator for 2022). Estimert prisstiging er av KS estimert til 5,3% i 2022. Vi risikerer at nødvendige varer og tenester blir vesentleg høgare enn vi har budsjettert for, alternativt at vi ikkje kan kjøpe inn det som har vore vurdert nødvendig og tenleg i budsjetteringa. Ein prisauke frå 2,5% til 5,3% utgjer ca. 3 mill.kr i kommunen sin økonomi. Vi har ikkje lagt inn prognoseendring for dette, men lagt til grunn at tenestene greier seg innanfor budsjett, der det ikkje er kommentert noko anna.
- I rekneskapen er det ført ca.3,9 mill. i meirutgifter knytt til korona, og 0,7 mill. for vaksinerings. Dette er rapportert til statsforvaltaren for 1. halvår. Det aller meste er ført innan helse og omsorg. Vi håpar å få refundert dette på slutten av året.

Opplæring og kultur:

Forbruket er i all hovudsak i tråd med budsjett.

Det er meirforbruket på lønn i barnehagane grunna auka spesial-pedagogiske vedtak og stillingar, men dette blir kompensert med mindreforbruk på lønn på andre tenester innan opplæring og kultur.

For den enkelte teneste ser vi per 2.tertial budsjettavvik som blir kommentert slik:

- **Skular:** Skulane har kjøpt inn nye læreverk, og midlane er henta frå budsjett og ekstra tilskot. På ØSUS er det eit meirforbruk på buss. Det kjem av at det har vore to turar til leirskule dette kalenderåret. Dette for at klassar som ikkje hadde fått leirskule under koronarestriksjonane skulle få det. På Rogne skule er det eit meirforbruk på vikar.
- **Barnehage:** Det har vore behov for ekstra tilsetjing grunn spesialpedagogiske behov i begge barnehagane. Totalt er det lønsutgifter på om lag 1,2 mill. på spesialpedagogisk tilrettelegging i barnehagane. I Beito barnehage har det vore behov for tilrettelegging for personalet med noko utstyr og i Rogne barnehage har det vore behov for å byte ut digitalt utstyr. Dette vil gje eit meirforbruk hjå den enkelte barnehage, men blir ivareteke innanfor tenesta totalt sett.
- **Kulturavdelinga:** Ingen ting å rapportere
- **Flyktningetenesta:** Flyktningetenesta har eit år med mange variablar og endringar i samband med krigen i Ukraina. Vi har lagt til grunn at kommunen får inntekter som kompenserer for dei auka utgiftene i 2022. Det er pr i dag eit meirforbruk av løn på 193´. Kommunen auka bemanninga med ei midlertidig stilling for eitt år for å kunne handtere auka tal flyktningar. Dette var ikkje budsjettert. I tillegg har vi måtte auke noko innanfor vaksenopplæringa, da behovet for opplæring vart større. På drift har kommunen eit meirforbruk på vedlikehald bygg. Dette er oppgraderinga av Moavegen 43 før vi kunne ta imot flyktningar frå Ukraina. I tillegg er det auka forbruk til tolketenester og kommunale eigedomsutgifter. Per no har vi fått mindre støtte via introduksjonsordninga og tilskot enn budsjettert. Dette vil endre seg ved årsslutt.

Helse og omsorg:

Samla sett viser helse og omsorg eit meirforbruk per august, og vi reknar med meirforbruk samla for året. Det knyter seg i hovudsak til:

- 2,5 mill. høgare kostnader for barnevern for året enn budsjettert for 2022, jf. 1.tertial-rapport og varsel frå vertskommunen Nord-Aurdal. Meirforbruket kjem mellom anna av kostnader på omfattande tiltak.

2. tertial rapport 2022 – Øystre Slidre kommune

- 1,8 mill. i auka prognose lønn på tilrettelagte tenester. Det er meirforbruk på tilrettelagte tenester per 2.tertial på 1,2 mill. Viser til omtalen i 1. tertialrapporten. I tillegg har det frå hausten 2022 kome ny brukarbehov med behov for auke bemanninga.

Det er ein rekke meir- og mindre-forbruk på ulike områder innan helse og omsorg. Samla sett ventar vi at området skal gå innan budsjett:

- 0,3 mill. i auka kostnader kjøp av tenester frå andre kommunar tilrettelagte tenester.
- 0,3 mill. i auka kostnader til Norsk Helsenett som følgje av forskriftsendring frå og med 2022 for finansiering av drift og forvaltning av nasjonalt helsenett, grunndata, helseID, nasjonal kjernejournal, E-resept og Helsenorge.
- 0,3 mill. i meirforbruk for året på medisin. Denne posten har vore for lågt budsjett siste åra.
- Meirforbruk innan institusjon og førebygging og meistring som følgje av koronaavtale og ekstraordinær avtale om tillegg i sommarferieavvikling for å sikre nok bemanning. Vi håpar å få kompensert for korona-utgiftene på slutten av året. Mindreforbruk innan førebygging og meistring som følgje av vakant stilling og sjukefråvær. Vi reknar at lønn innan desse tenestene er innanfor budsjett.
- Legetenesta viser meirforbruk på løn med 0,45 mill. Dette er knyta til ferieavvikling og korona. Vi håpar å få korona-utgiftene refundert på slutten av året, og endar ikkje prognosen for denne type postar.
- Meirforbruk på mat kjøkken helsetunet pga. stor prisoppgang.

Mindreforbruk for året er venta for:

- Førebygging og meistring har hatt mindreforbruk på løn på 0,5 mill. Ser ein bort frå meirforbruket til overtid og vikarar grunna koronaen, som vi forventar å få kompensert, er mindreforbruket på løn ca. 1,5 mill. for året. Det skuldast vakanse, permisjonar og korona, og at det ikkje har vore tilgang på nok arbeidskraft i denne perioden. Tenesta har nytte noko vikarbyrå, men ikkje dekkja opp alt, fordi vikarbyrå er kostbart.
- Det er forventa høgare husleigeinntekter enn budsjettert for bustader i 2022 grunna busetting av flyktingar. Utgifter til straum mv. er også auka, dette ligg under tekniske tenester. Det er noko ledig belegg på omsorgsbustadar per 2. tertial. Den kommunale bygningsmassen for bustader for andre vanskelegstilte er ved utgangen av september fullt nytta, og kommunen må vente auka utgifter ved eventuell leige for framleige.

Teknisk drift:

- 10 mill. i auka straumkostnader for kommunale bygg og anlegg. Kraft til eigne kommunale bygg, om lag 6 GWh, blir kjøpt i spotmarknaden. Spotprisane har vore rekordhøge så langt i 2022, med eit snitt jan-september på 2 kr. Prisane har svinga mykje, frå 1,2-1,9 kr i fyrste halvår, til 3,5 i august og september. Skulle det fortsetja med like høgt snitt ut året som per september (2 kr), blir kostnaden om lag 10 mill. høgare enn dei 4,5 mill. som er budsjettert. For generaløkonomien, utanom sjølvkost som blir saldert mot gebyr eller fond, blir meirforbruket estimert til ca. 7 mill.. Markedet er svært svingande og usikkert, prognosen er usikker. Det har vore planlagt tiltak investering og drift som kan medføre lågare straumforbruk, dette vart delvis innarbeidd i budsjettet for 2022. Dei største tiltaka er ikkje effektuert, og får ikkje effekt i 2022.
- 3 mill. i auka bruk av sjølvkostfond som følgje av auka prognose straumkostnad – del vatn og avløp.

Næring plan og byggjesak:

Vi ser ikkje p.t. at det er vesentlege budsjettavvik på området.

Mykje av aktiviteten innan desse tenesteområda er underlagt sjølvkostregelverket, og ev. avvik i inntekter eller kostnader vil kunne bli finansiert mot bunde fond, og dermed ikkje påverke botnlinja.

Investeringsregnskapet

Per august er det regnskapsført netto investeringsutgifter /finansieringsbehov på 17,4 mill.kr. For året er det budsjettert totalt 123,9 mill.kr.

Det er no klart at mange av prosjekta ikkje blir gjennomført i det omfang som var planlagt og budsjettert for. På mange større prosjekt er det gjennomført mykje intern prosjektering og anbudsprosessar, men sjølve arbeid frå entreprenørar har ikkje kome så langt som føresett. Det er ein viktig årsak til at ein vesentleg del av budsjettet for 2023 må overførast til neste år på ein rekke postar. Dette er merka med grå felt i oversiktene nedanfor.

Det er også enkelte prosjekt som er avslutta i 2022, med mindre- eller meirforbruk som vi foreslår budsjettendring for på 2022. Dette er merka med grønne felt i oversiktene nedanfor.

Vi viser til kort tekst i oversiktene nedanfor.

INVESTERINGAR		per 2.tertial 2022 - og budsjettendringar										
Prosjekt	2022 bud-		2022		2022 bud-	Rebudsj.	Rebudsj.	Rebudsj.	Sum	Kommentar		
	2022 ØP	endr-1	Regnsk per aug	2022 Prognose	endr forslag						2023	2024
INVESTERINGAR VA (netto mva)												
Mindre VA-anlegg årleg (hovedprosj.)	5 000	-935	4 065	2 058	4 065	-	-	-	-			
VA-utbygging i bygda (hovedprosj.)	-	-	-	-	-	-	-	-	-			
VA - Gullbakkv egen	-	-	-	219	719	719	-	-	-	Ferdigstillning 2022, gjenstår sluttoppgjær		
VA Storefoss – Nedrefoss RA	-	-2 636	-2 636	178	178	2 814	-	-	-	Ferdig. Meirforbruk frå -21, avslutt. Tvist - krav mot ØSK 6 mill., ulikt syn, ua		
VA - Kjøk - Nordtorp (Lidar-Sætid)	-	-	-	25	25	25	-	-	-	Ferdig		
VA - Sæle - Furustrand	-	-	-	22	22	22	-	-	-	Ferdig		
VA Finntøplie	-	-	-	19	6 450	6 450	-	-	-	Det blir utgifter i 2022, er i gang, i samsvar med inngått utbyggingsavtale.		
VA Heranglie	7 500	-	7 500	161	7 500	-	-	-	-			
VA Bergjordet	2 000	-	2 000	2	2	-1 998	1 998	-	-	Overført til neste år. Tillegg for prisvekst/ny prognose		
VA-Nordtorp-Hegge stav kyrkje	4 900	-	4 900	1	1	-4 899	4 899	-	-	Overført til neste år. Tillegg for prisvekst/ny prognose		
VA Solhauglie	1 000	-	1 000	-	-	-1 000	1 000	-	-	Overført til neste år. Tillegg for prisvekst/ny prognose		
VA Raubrotmoen-Tingv ang	8 000	-	8 000	1	-	-8 000	-	-	8 000	Overført til seinare år. Tillegg for prisvekst		
VA Røsshauget	-	-	-	66	66	66	-	-	-	Ferdig		
VA i hytteområda (hovedprosj.)	-	-242	-242	-	-	242	-	-	-	Frå div.underprosj.-21. Avslutt budsj.posten.		
Refusjon VA-utbygging i hytteområda	3 755	-	3 755	-377	-377	-4 132	-	-	-	Ferdig med mindreforbruk. Anleggs.ref.frå utbygger ved tomtosal - også fra		
VA Luskeråsen	10 000	-10 000	-	-	-	-	-	-	-			
VA Grav fjellet	-	10 000	10 000	-	-	-10 000	1 000	9 000	-	10 000	Overført til neste år og 2024. Tillegg for prisvekst/ny prognose	
Høgdebasseng Nordtorp	7 800	193	7 993	85	1 500	-6 493	6 493	-	-	6 493	Overført til neste år. Tillegg for prisvekst/ny prognose	
Oppgradering av Ole Vassverk	12 000	-	12 000	2	-	-12 000	12 000	-	-	12 000	Overført til neste år	
Mellsenn - Kollstad vassverk – ny vasskje	1 000	-197	803	7	7	-796	796	-	-	796	Overført til neste år. Endra tidsplan	
Nye Nedrefoss RA, forprosjekt inkl. utarb.i	3 000	221	3 221	176	500	-2 721	2 721	-	-	2 721	Overført til neste år. Tillegg for prisvekst	
Sum VA	65 955	-3 596	62 359	2 645	20 658	-41 701	30 907	9 000	8 000	47 907		

2. tertial rapport 2022 – Øystre Slidre kommune

Prosjekt	2022 bud-		2022		2022 bud-		Rebudsj.	Rebudsj.	Rebudsj.	Sum	Kommentar
	2022 ØP	endr-1	Regnsk per aug	2022 Prognose	2022 sum budsj	2022 endr forslag					
INVESTERINGAR GENERALØKONOMIEN (brutto)											
Øystre Slidre helsetun	4 000	4 633	8 633	3 964	3 964	-4 669	-	-	-	-	Ferdig. Mindreutgifter
Utsmykking helsetun	700	1 736	2 436	270	700	-1 736	700	-	-	700	Gjenstår skilt mv., overført til neste år, reduksjon
Brennebakkinn av lastringsbustader	-	4 620	4 620	7	7	-4 613	4 613	-	-	4 613	Overført til neste år. Ny prognose
Nye energiløysingar kommunehuset/Øsus	-	-	-	-	800	800	1 775	-	-	1 775	Jf.dialogmøte. Utgreiing og mogleg oppstart -22. Overført budsj.frå Klima+
Lydisdering kulturskulerom	-	249	249	135	249	-	-	-	-	-	Gjenstår rømningsveg, måling og møbler venteareal
Rogne barnehage garderobe	3 025	479	3 504	2 559	3 504	-	-	-	-	-	Ferdig, men gjenstår sluttoppgjer
Klima+ - næringsklynga - bygningsmessige til	1 775	-	1 775	-	-	-1 775	-	-	-	-	Overført til nye energiløysingar kommunehuset/ØSUSneste år
Kjøp av bustad Furustrand	-	-	-	-	4 101	4 101	-	-	-	-	Ferdig (kjøpt), jf. FS-vedtak aug-22
Sum kommunale bygg	9 500	11 717	21 217	6 935	13 325	-7 892	7 088	-	-	7 088	
Volbu bru	3 000	244	3 244	5 687	5 687	2 443	-	-	-	-	Ferdig. Mei rutgifter
Veg Heranglie	1 600	-	1 600	-	4 000	2 400	-2 400	-	-	-2 400	Ny prognose
Straum og fiber Heranglie	750	-	750	-	-	-750	750	-	-	750	Ny prognose
Refusjon straum og fiber refusjon Heranglie	-600	-	-600	-	-	600	-	-600	-	-600	Overført til seinare år
Veg Postbergvegen	-	-	-	839	839	839	-	-	-	-	Ferdig
Uteområde Tingvang - ØSUS	1 200	-	1 200	456	456	-744	-	-	-	-	Ferdig
Rogne bthg /skul - trafiktrygging	-	1 200	1 200	22	22	-1 178	1 178	-	-	1 178	Overført til neste år. Tillegg for prisstigning
Tilskot inn - Rogne bthg /Solhauglie - utviding v	-	-600	-600	-	-	600	-600	-	-	-600	Overført til neste år
Furustand - friområde inkl gangveg Furustrand	1 800	41	1 841	-	1 841	-	-	-	-	-	
Tilskot inn - Furustrand uteområde inkl.gangveg	-656	-	-656	-	-	656	-656	-	-	-656	Overføring til neste år. Tillegg prosjektauke for 2023-2026.
Sum kommunale vegar mv.	7 094	885	7 979	7 004	12 845	4 866	-1 728	-600	-	-2 328	

2. tertial rapport 2022 – Øystre Slidre kommune

Prosjekt	2022 bud-		2022		2022 bud-	Rebudsj. 2023	Rebudsj. 2024	Rebudsj. 2025	Sum rebudsj.	Kommentar	
	2022 ØP	endr-1	Regnsk per aug	2022 Prognose	endr forslag						
INVESTERINGAR GENERALØKONOMIEN (brutto)											
Finntøppv egen (ov eretakelse og oppgradering e	12 300	191	12 491	73	73	-12 418	9 400	3 018	-	12 418	Overført til neste år og 2024. Ny prognose
Bundne inv esteringsfond B Camping (fortau m	-395	-	-395	-	-	395	-395	-	-	-395	Overført til neste år
Bundne inv esteringsfond Finntøppv egen	-595	-	-595	-	-	595	-595	-	-	-595	Overført til neste år
Trillesti Rupertjehd fullføring	187	500	687	-	-	-687	687	-	-	687	Overført til neste år. Statsforvalter svarfrist 23.9.22
Skibru - Finntøppv egen	5 800	317	6 117	2 174	8 000	1 883	-	-	-	-	Meirutgifter. Ny prognose.
Skibru - Betestølsvegen /Menkelie	-	2 070	2 070	1 785	1 785	-285	-	-	-	-	Ferdig. Mindreutgifter
Sum infrastruktur Beitostolen m utbygg-r	17 297	3 078	20 375	4 032	9 858	-10 517	9 097	3 018	-	12 115	
Kjøp av område for bustadby og næringsføn	4 000	-	4 000	10	-	-4 000	4 000	-	-	4 000	Overført til neste år
Sal av tomter (felles)	-500	-	-500	-	-	500	-500	-	-	-500	Overført til neste år, og sjå kvart tomtefelt
Sal av fast eigedom	-	-	-	-1 560	-1 560	-1 560	-	-	-	-	Innløysing festetomter
Tingvang bustadfelt (Løkjiskogen)	-	-	-	39	-	-	-	-	-	-	
Sdhauglie bustadfelt	-	-	-	-210	-210	-210	-	-	-	-	Sal tomt
Klyppermyrhaugen bustadfelt	-	-	-	-2 403	-2 403	-2 403	-	-	-	-	Sal tomter
Heranglie bustadfelt	-	-	-	-216	-	-	-	-	-	-	Netto inv.etter sal av skog, sal tomter
Sum kommunale bustadområder mv.	3 500	-	3 500	-4 340	-4 173	-7 673	3 500	-	-	3 500	
Tenestebilar (helse og omsorg mv.)	1 000	1 000	2 000	1 100	1 100	-900	-	-	-	-	Ferdig. Mindreutgifter
Grunn for næringsformål	-	-	-	-359	-359	-359	-	-	-	-	Sal tomt
Sum andre investeringar	1 000	1 000	2 000	741	741	-1 259	-	-	-	-	
Sum andre investeringar	38 391	16 680	55 071	14 372	32 596	-22 475	17 957	2 418	-	20 375	
Andelsinnskott KLP	700	-	700	708	708	-	-	-	-	-	
Aksjar i Nye Løken gard 300' jf KS 49/20	300	-	300	-	300	-	-	-	-	-	
Utlån startlån	5 500	-	5 500	-	5 500	-	-	-	-	-	
Motteke av drag på startlån	-200	-	-200	-360	-200	-	-	-	-	-	
Av drag startlån	200	-	200	33	200	-	-	-	-	-	
Sum finanspostar	6 500	-	6 500	381	6 508	-	-	-	-	-	
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	110 846	13 084	123 930	17 398	59 762	-64 176	48 864	11 418	8 000	68 282	

2. tertial rapport 2022 – Øystre Slidre kommune

FINANSIERING	2022 bud-			2022		2022 bud- endr forslag	Rebudsj. 2023	Rebudsj. 2024	Rebudsj. 2025	Sum rebudsj.	Kommentar
	2022 ØP	endr-1	2022 sum budsj	Regnsk per aug	2022 Prognose						
Sum Mva-kompensasjon inn	-7 072	-3 256	-10 328	-3 549	-6 605	3 803	-3 341	-484	-	-3 824	
Lån VA	-65 955	3 596	-62 359	-2 645	-20 658	41 701	-30 907	-9 000	-8 000	-47 907	Sum VA overført til neste år
Lån generaløkonomien	-24 369	-13 424	-37 793	-	-20 399	17 322	-13 266	-1 934	-	-15 200	Sum bruk av lån overført til neste år
Lån Husbanken (til utlån/bustader)	-5 500	-	-5 500	-	-5 500	-	-	-	-	-	
Sum bruk av lån	-95 824	-9 828	-105 652	-2 645	-46 557	59 023	-44 173	-10 934	-8 000	-63 107	
Ov erf. frå drift (med red driftsbudsj.) - Rogne b	-1 200	-	-1 200	-	-	1 200	-1 200	-	-	-1 200	Overført til neste år
Disp-fond e-skatt (overført frå drift) - Furustranc	-500	-	-500	-	-500	-	-	-	-	-	
Disp-fond e-skatt (overført frå drift) - Aksjar Ny	-300	-	-300	-	-300	-	-	-	-	-	
Disp-fond e-skatt (overført frå drift) - skitbru Fin	-5 800	-	-5 800	-	-5 800	-	-	-	-	-	
Disp-fond e-skatt (overført frå drift) - trillesti Ruc	-150	-	-150	-	-	150	-150	-	-	-150	Overført til neste år
Udekkja gjennom året	-	-	-	-11 204	-	-	-	-	-	-	
Sum overføring frå drift	-7 950	-	-7 950	-11 204	-6 600	1 350	-1 350	-	-	-1 350	
Sum finansiering	-110 846	-13 084	-123 930	-17 398	-59 762	64 176	-48 864	-11 418	-8 000	-68 281	
Uinndekka	-	-	-	-	-0	-	0	0	-	-	

Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Nedanfor følger rapportering for finans-, gjelds- og kraftforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8.

Finansplasseringar:

Per 2.tertial 2022 har kommunen plassert midlar i:

Bankinnskot 179 mill. kr er plassert i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskota. Hovudbankavtala er inngått for 5-6 år sidan, og vurderinga er at den har gjeve grei avkastning, ut frå at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Vi har rentemargin på 0,25 %-poeng. Føremålet med plassering er låg finansiell risiko og høg likviditet, jf. finans- og gjeldsreglementet pkt. 2.

Obligasjon Kr 5 mill. vart plassert i DNB Markets i 2017. Kommunen får rente på 3 mnd Nibor + 1,5 %-poeng. Marknadsverdi per 2021 var 5,038. Plasseringsbeløpet på 5 mill. er uavhengig av kursutvikling sikra ved ordinær innfriing i 2022.

Langsiktige strategiske plasseringar. Kommunen har langsiktige aksjar og andelar med bokført verdi kr 52 mill., der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Dei langsiktige plasseringane er gjort etter politiske vedtak. Det er ikkje gjort endringar i langsiktige plasseringar i 2022. Vi syner til spesifikasjon i note 5 til årsregnskapet 2021. Kommunen har og langsiktige utlån til Valdres Energiverk AS på 20 mill. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale og budsjett (6,7%). Renteavtala er fornya i K-sak 33/22. Avtalen er endra når det gjeld rente. Frå 1.4.2022 skal renta fastsetjast ei gong i året ut frå Norges Banks 10-års statsobligasjonsrente og spread mot Nibor 10-års renteswap, pluss eit risikopåslag på 3,4%-poeng. For 2022 er rentesatsen fastsett til 6,25%.

Det blir betalt utbytte frå Valdres Energi, og frå Innlandet Energi Holding AS /tidlegare Eidsiva Energi. Vi har motteke utbytte i 2022 for 2021 frå Valdres Energi på kr 1,3 mill. For Innlandet Energi Holding vart det i 2020 fastsett minimumsutbytte som blir KPI-regulert. Vi har motteke plan for utbytte framover som medfører høgare utbytte enn dette. Bokført verdi på kommunen sin eigardel i Innlandet Energi Holding er 27 mill., jf. note 5 til årsregnskapet for 2021, medan utbyttet i 2021 var 1,4 mill., som utgjør 5,2% avkastning. Det er lagt plan for utbytte framover som ser ut til å vera på 2020-nivå, og over det selskapet har vedteke som minimumsnivå for utbytte. For 2020 fekk vi 1,6 mill.

Vurdering i forhold til kommunen sitt finansreglement:

- **Likviditet.** Delmål: Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.

Arbeidskapitalen er auka til 158 mill.kr per 2.tertial 2022. Kommunen har 88 mill. i ubrukte lånemiddel som står på bankkonto. Midla skal nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2021 og som blir gjennomført i 2022-2023. Likviditet til drift (likvide midlar minus ubrukte lånemiddel til investering) er ca. 91 mill, omtrent som nivået i fjor. Vi vurderer at likviditeten er god. Vi har likviditet til å betale løpande plikter ved forfall, og kunne tole uføresette likviditetsmessige utfordringar av noko omfang.

- **Finansiell risiko.** Delmål: Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.

2. tertial rapport 2022 – Øystre Slidre kommune

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskott, og den delen som står i obligasjon har sikra hovudstol.

- **Avkastning på overskotslikviditet.** Delmål: Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.

Kommunen har konkurranseutsett bankavtale og nye lån, og vurderer å ha konkurransedyktige vilkår. 5 mill. er plassert i obligasjon med betre rente enn ordinære bankkonti. Vi har så langt vald å halde dette uendra, av omsyn til likviditet, fleksibilitet og arbeidskapasitet.

Rentene har vore låge gjennom 2021-2022, noko som medfører at det er låge renteinntekter på likvide midlar.

Renta er på veg opp. Gjeldande finansreglement set store begrensningar når det gjeld plasseringsmoglegheiter, og rådmannen ser det tenleg å foreslå enkelte mindre justeringar i finansreglementet i 2023 for å kunne oppnå høgare avkastning.

- **Avkastning langsiktige aktiva.** Delmål: Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.

Kommunen vurderer at det ikkje har vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering. Kommunen har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og vesentleg høgare enn marknadsrenta. Kommunen har og strategiske eigarpostar i bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding / Eidsiva Energi. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringa. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med kommunen si langsiktige finansielle aktiva.

Lånegjeld:

Kommunen har ved utgangen av 2.tertial 2022 ei lånegjeld på kr 461 mill. (469 mill. per 1.1.). Det er ikkje teke opp nye lån så langt i 2022. Vi viser til note 8 i årsregnskapet for 2021 og årsrapporten side 18-19. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Alle låna har flytande rente. Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må refinansierast dei neste 12 månader.

Total netto lånegjeld ligg godt over kommunen sin handlingregel (94% mot 75% av brutto driftsinntekter per 2021), og kommunen er på handlingsregelen når det gjeld lånegjelda for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda) (49,2% mot mål på 50%).

Det har vore låge renter gjennom 2021 og 2022. Renta er på rask veg oppover. Kommunen har auka avdragsplikter framover, er eksponert for renteauke, noko som kan gje større utfordringar med å balansere drifta i åra som kjem.

Vurdering i forhold til kommunen sitt gjeldsforvaltningsreglement:

- **Lågast mogleg totalkostnad for lån.** Delmål: Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.

Det er ikkje gjort nye låneopptak i året. Kommunen har ved tidlegare låneopptak forespurt to leverandørar. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rente på låna.

Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta.

- **Finansiell risiko.** Delmål: Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.

Vi vurderer at det har vore låg finansiell risiko knytt til gjeldsplasseringa.

Administrasjonen meiner det ikkje er avvik mellom krav i finans- og gjeldsforvaltningsreglementet og den faktiske forvaltninga.

Kraftforvaltninga

Kommunen sine kraftrettar

Kommunen sine kraftrettar på omlag 54,5 GWh blir seld på kraftbørsen. Herunder konsesjonskraft 22 GWh, andelskraft 28 GWh og eigenproduksjon i Skoltefoss 2-3 GWh. Vi nyttar ekstern kraftforvaltar.

Kraftmarknaden har endra seg vesentleg i 2021 og så langt i 2022. På den bakgrunn vedtok kommunestyret i juni nytt reglement for kraftforvaltning (KS-34/22), som seier at vi i hovudsak skal selja i spotmarknaden og ikkje prissikre salet framover. Reglementet skal tre i kraft frå og med 1.1.2023, og tilpasning til nytt reglement skal skje gradvis frå vedtakspunktet. Prissikringsavtaler som er gjort før nytt reglement trer i kraft skal vidareførast så lenge kraftforvaltar og administrasjonen meiner det er den økonomisk beste løysinga for kommunen.

Kommunen må også betale kostpris for krafta vi mottek og sel. Prisen for ein del av konsesjonskrafta blir fastsett sentralt, medan resten av konsesjonskrafta og andelskrafta blir betalt ut frå sjølvkostberekning frå kraftprodusent. Sjølvkostsprisen varierer mykje frå kraftverk til kraftverk, og (grunnrenteskatt-elementet) avheng også i stor grad av spotpris/marknadsprisen i året.

Vurdering i forhold til kommunen sitt kraftforvaltningsreglement:

Kommunen forhold seg no til det nyleg vedtekne reglementet for kraftforvaltning. Ein svært stor del av kraftmengden for 2022 og 2023 var prissikra på tidspunktet denne saka var oppe i vår. Imidlertid har kraftforvaltar i etterkant funne gunstige tidspunkt for å løyse opp i mykje av prissikringa i etterkant. Per september er om lag 54% av gjenstående mengde 2022 prissikra. Det er lågare enn i vår (ca.84% per april), og gjer at vi kan følgje spotmarknaden i større grad framover. Det vurderer vi som gunstig, jf.vurderingar i K-sak 35/22.

2. tertial rapport 2022 – Øystre Slidre kommune

Det bekreftar også forvaltningsrapportane og eigne samla prognosar.

- Prognose for kraftomsetning frå kraftforvaltar for året 2022 er per september 54,1 mill, mot 28,6 mill i april, altså ein auka inntekt på 25,5 mill.
- Netto resultatet ser også ut til å bli vesentleg betre, prognosen no er 4,5 mill.betre enn den vi hadde per april. Auka spotprisar har betydning, snitt per september er på 2 kr, medan den per april var 1,55 kr. Det inneber noko høgare omsetning der vi ikkje har prissikra, men og auka grunnrenteskatt. Vi har teke inn nye kjente auka kostnader i 2.tertial-prognosen ved å ta omsyn til at grunnrenteskatten vart auka med virkning frå og med 2022 i statsbudsjettet, frå 47,4% til 57,7%, samt meirforbruk på avrekning refusjon (1,3 mill.).
- Prognose for kraftomsetning for året 2023 er per august 51,8 mill., mot 25,9 mill. i april, altså ein auka inntekt på 25,9 mill. Sikringsgraden er redusert på andelskraftporteføljen, frå 95% i april til 63% i august.

Estimatet ut året og framover er sjølvstusagt usikkert, men vi tek dei vesentleg betra prognosane som ei bekrefting på at det vart gjort rett vurdering og beslutning ved å endre kraftforvaltningsprinsipp i juni.

Rådmannen meiner det ikkje er avvik mellom krav i kraftforvaltningsreglementet og den faktiske forvaltninga.

Organisasjon

Sjukefråvær

Kommunen hadde per andre tertial eit sjukefråver på 11,2%. Dette er over "normalnivået" for kommunen. Det er ei auke i fråveret i alle andre område enn Opplæring og kultur. Av det samla fråveret er 1,0% registrert som "koronarelatert". Det reelle talet for dette er truleg noko høgare.

